

## Krav om umiddelbar tiltakspakke for flaum- og rassikring av fylkesvegane

Denne vinteren har fleire av fylkesvegane i Møre og Romsdal vore heilt eller delvis stengde på grunn av flaum og ras. Dette kostar samfunnet millionar.

Nasjonal rassikringsgruppe med fylkesoppnemnte representantar frå åtte av dei mest rasutsette fylka, deriblant Møre og Romsdal, har som mål at alle offentlege vegar skal vere sikra mot ras innan 2030.

Behovet for sikring av fylkesvegane er så omfattande at det er vanskeleg for fylkeskommunen å planlegge investering og drift ut frå rammene ein har til disposisjon.

Skal vi nå målet om at alle offentlege vegar skal vere rassikra innan 2030, må vi få ei umiddelbar tiltakspakke og prioritere det eksisterande vegnettet vårt framfor å sette i gang nye, dyre vegprosjekt.

Møre og Romsdal SV

Sendast til alle lokalavisene, med kopi til SV's medlem i Transportkomiteen